



NORDHORDLAND  
UNESCO BIOSFÆRE

GEO PARK  
SUNNHORDLAND



24. september 2020

## PARKAR OG UNESCO-OMRÅDE I VESTLAND FYLKE: BEHOV FOR FYLKESKOMMUNAL STØTTE

### NORDHORDLAND UNESCO BIOSFÆREOMRÅDE

[www.nordhordlandbiosphere.no](http://www.nordhordlandbiosphere.no)

Kontaktperson: Kari Evensen Natland, tlf 48 07 09 72 | kari@nordhordland.net

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd til UNESCO biosfæreområde, det første i Noreg. UNESCO sitt biosfæreprogram, *Man and the Biosphere* (MAB-Programmet), er sentralt i FN sitt arbeid for eit meir berekraftig samfunn. Det omfattar i dag 701 utnemnde biosfæreområde verda over som skal fungere som modellområde for berekraftig utvikling. Det er tre grunnpilarar i biosfæreprogrammet, som alle biosfæreområda verda over skal arbeide etter:

**Bevare:** Ta vare på vårt biologiske og kulturelle mangfald.


**Utvikle:** Vidareutvikle lokalsamfunnet i ei berekraftig retning, både økonomisk, miljømessig og sosialt.

**Støtte:** Samarbeide og støtte forskning, overvaking, undervisning og formidling om berekraftig utvikling.

Då Nordhordland fekk denne utnemninga var dette ei anerkjenning frå UNESCO: «denne regionen har eit framifrå grunnlag til å drive fram tiltak for berekraftig utvikling som kan bli viktige både lokalt, nasjonalt og internasjonalt». Nordhordland UNESCO biosfæreområde inkluderer kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Vaksdal og delar av Øygarden. I tillegg er òg deler av arealet til kommunane Voss, Vik og Høyanger tatt med for å få innlemma heile Stølsheimen.

I Nordhordland vil vi at biosfæreprogrammet først og fremst skal fungere som ein samarbeidsarena for å få til ei berekraftig samfunnsutvikling. Det handlar om bruk av naturressursane, om kulturen vår, om medbestemming og engasjement og om å få til ei positiv utvikling av næringslivet. I det heile - å skape ei positiv utvikling for oss og for borna våre.


Programmet er basert på bruk av lokale ressursar, kunnskap og idear. Samarbeid med forskingsinstitusjonar og næringsliv er sentralt for å ta kunnskapsbaserte val og utvikle innovative løysingar.



Ressursprofilen for Norhordland UNESCO biosfæreområde illustrerer både variasjonen i landskapet og ressursane som finst i området.

I søknadsperioden (2013-2019) har vi utvikla ulike prosjekt, mellom anna 'Smak av Nordhordland' – lokalmatsatsing og 'Ullruta' – eit berekraftig reiselivsprodukt. Vi har delteke i eit internasjonalt EU-prosjekt og deltek no i to forskingsprosjekt.

Vi har gjennomført ein brei og inkluderande prosess for å få på plass ein god arbeidsplan i biosfæreområdet. Det er blitt peikt ut 5 satsingsområde og det er utarbeida eit godt handlingsprogram som konkretiserer prioriteringane våre.



Dei 5 satsingsområda til Nordhordland UNESCO biosfæreområde

Biosfæreområdet er organisert som eit prosjekt innunder Regionrådet (Nordhordland Utviklingsselskap) og har ein koordinator i 100 % stilling, samt to prosjektmedarbeidarar i reduserte stillingar. Målet er å ha ei ein god organisasjon med ein stab med minst tre fast tilsette:

- Dagleg leiar (drift, økonomi, personale, plan- og nettverksarbeid, prosjektutvikling, fundraising osv.)
- Formidling og kommunikasjon: formidling og tilrettelegging av natur- og kulturarven, kunnskapsutvikling og møteplassar for berekraftig utvikling (formidlingstilbod for ulike målgrupper, UNESCO-skular, skilting, infrastruktur, forskingsprosjekt osv.)

- Samfunnsutviklar: berekraftig samfunns- og næringsutvikling (partnarskapsnettverk, merkevarebygging, produktutvikling, prosjekt innan skjøtsel, landbruk, havbruk osv.)

Nordhordland har utarbeida eit ambisiøst og framtidsretta strategidokument. Erfaringane frå andre biosfæreområde verda over viser at ein stab på 3 personar er eit minimumskrav for drive fram målsettingane i biosfæreområda og for å kunne fylle UNESCO sine krav.

#### **Finansiering:**

Per i dag er biosfæreområdet finansiert gjennom støtte frå kommunane og prosjektmidlar. Vårt mål er å styrke finansieringa med støtte frå statleg mynde, fylkeskommunen og samarbeidspartnarar. Vi er i dialog med statleg mynde, men har ikkje fått sikre signal for 2021.

|  | <b>2021</b>      | <b>2022</b>      | <b>2023</b>      |
|--|------------------|------------------|------------------|
| 9 kommunar   | 660 000          | 660 000          | 660 000          |
| Vestland fylke                                     | 500 000          | 500 000          | 500 000          |
| Statleg støtte som UNESCO biosfæreområde           |                  | 1 000 000        | 1 000 000        |
| Ambassadørprogram                                  | 50 000           | 100 000          | 150 000          |
| <b>Totalt</b>                                      | <b>1 210 000</b> | <b>2 260 000</b> | <b>2 310 000</b> |
|  |                  |                  |                  |
| Prosjektmidlar (frå private og offentlege kjelder) | 1 500 000        | 2 000 000        | 2 000 000        |
| <b>Totalt med prosjekt</b>                         | <b>2 710 000</b> | <b>4 260 000</b> | <b>4 310 000</b> |

## GEOPARK SUNNHORDLAND

[www.geoparksunnhordland.no](http://www.geoparksunnhordland.no)

Kontaktperson: Brynjar Stautland, tlf 95 92 50 54 | [brynjar@geoparksunnhordland.no](mailto:brynjar@geoparksunnhordland.no)

Geopark Sunnhordland er førebels eit prosjekt eigd av Samarbeidsrådet for Sunnhordland og med eit interimsstyre samansett av representantar frå regionrådet, Moster Amfi, Folgefonnssenteret, Sunnhordland Museum og Rosendalsstiftinga. Prosjektet er finansiert av regionrådet og Vlfk. Søknad om status som UNESCO Global Geopark skal leverast hausten 2021, og søknaden vert skriven i samarbeid med fagmiljøa ved UiB og NGU. Prosjektet er basert på ei profesjonsutsegn frå 2017 som rådde til å søke UNESCO-status på geoarven i Sunnhordland som inkluderer bruk av usedvanleg mange bergarter og metall av øybogegeologi gjennom 10 000 år. I tillegg er istidslandskapet, spesielt på sørsida av Hardangefjorden eit hovudtema. Søknaden presenterer ca 90 geolokalitetar der ca. 15 av desse er av internasjonal verdi. Geoparken følgjer Sunnhordlandregionens ytre kommunegrenser og omfattar 8 kommunar i Vestland fylke (ca 3000 km<sup>2</sup>/60.000 innbuarar).

Hausten 2018 fekk Geopark Sunnhordland status som Norsk Geopark på relasjonen havbunnsgeologi og kultur. Våren 2019 tildelte Hordaland Fylkeskommune geoparken 1 million kroner til 2-årig utvikling av søknad om UNESCO-status. Prosjektleiart vart tilsett i halv stilling i mai 2019 og Moster Amfi er valgt som hovudportal og kontor. MA er ein særeigen kulturarena, bygd i ei marmorgruve, har bergverksutstilling og forvaltar det største kulturikonet i svært stor omkrets; Moster gamle kyrkje. Våren 2020 vart Folgefonnssenteret med som portal i geoparken, og hevar dermed geoparken enno høgare m.o.t. fasilitetar som presenterer lokal natur- og kulturhistorie samt klimaperspektivet.

Geopark Sunnhordland presenterte seg som 'aspiring geopark' på EGN-konferansen i Sevilla hausten 2019. Pga inkludering av det store temaet som ligg i kvartærtematikken må prosjektet forlengast til ut 2021, og søknad om utviding av prosjektet er sendt Vlfk. Eige selskap (ideelt AS) skal stiftast ila våren 2021, og parken skal vera profilert i regionen og fungere som geopark ved innsending av søknaden i oktober 2021. Frå prosjektperiodens slutt ved utgongen av 2021 må geoparken over i drift som eigen organisasjon (ideelt AS eigd av regionrådet). Erfaringar frå UNESCO-geoparkar i inn- og utland tilseier at drift krev stillingsressurs på 3 stillingar for å oppnå ønska effekt og målsetjing:

- Dagleg leiar (drift, økonomi, personale, plan- og nettverksarbeid, prosjektutvikling, fundraising, formidling)
- Parkformidlar/geolog: formidling og tilrettelegging av natur- og kulturarven (formidlingstilbod for ulike målgrupper, guideutdanning, skilting, infrastruktur, forskingsprosjekt osv.)
- Samfunnsutviklar: berekraftig samfunns- og næringsutvikling (partnarskapsnettverk, merkevarebygging, produktutvikling, prosjekt innan skjøtsel, landbruk, havbruk.)

UNESCO-statusen stiller krav til 100 % stillingsressurs for geolog. Denne kan dekkast gjennom tildeling via statsbudsjettet (1 mill. pr. geopark i 2019) som vert tilgjengeleg med oppnådd UNESCO-status. Plan for driftsfinansiering skal avklarast ila vinteren 2020/'21. Det

blir teke utgangspunkt i ei tredeling mellom fylke, statsbudsjett og kommunane, der kommunane dekker eit fast beløp pluss ein sum pr. innbyggjar. Det vil bli føreslege ein første driftsperiode på 3 år.

Investeringar blir søkt dekkja av eksterne kjelder (energisekskap, fond, bankar etc).

|                                   | 2021             | 2022             | 2023<br>(m. UNESCO) |  | Ca. 2025         |
|-----------------------------------|------------------|------------------|---------------------|--|------------------|
| 8 kommunar                        |                  | 1 000 000        | 1 000 000           |  | 1 000 000        |
| Vestland fylke                    | 500 000          | 500 000          | 500 000             |  | 500 000          |
| Statleg støtte som UNESCO Geopark |                  |                  | 1 000 000           |  | 1 000 000        |
| Medlemsavgift og sponsorinntekter |                  | 100 000          | 100 000             |  | 150 000          |
| Salsinntekter (guiding)           |                  | 50 000           | 150 000             |  | 200 000          |
| <b>Totalt</b>                     | <b>500 000</b>   | <b>1 650 000</b> | <b>2 750 000</b>    |  | <b>2 850 000</b> |
|                                   |                  |                  |                     |  |                  |
| Prosjektmidlar 2021–22            | 700 000          | 700 000          |                     |  |                  |
| <b>Totalt med prosjekt</b>        | <b>1 200 000</b> | <b>2 150 000</b> | <b>2 750 000</b>    |  | <b>3 600 000</b> |

## SOGNEFJORDEN KYSTPARK

[www.sognefjordenkystpark.no](http://www.sognefjordenkystpark.no)

Kontaktperson: Trude J. Søylen, tlf 48 10 57 74 | [trude@nkka.no](mailto:trude@nkka.no)

I kommunane Askvoll, Hyllestad, Fjaler og Solund er det oppretta ein Regionalpark – Sognefjorden Kystpark (SKP) – som for tida vert vidareutvikla til den første parken i Noreg med status som både Regionalpark og Norsk Geopark. Som kombinert Regional- og Geopark skal parken få eit nytt namn, nye vedtekter og ein tilpassa strategi- og handlingsplan (haust 2020). Det langsiktige målet er å oppnå godkjenning som UNESCO Global Geopark ca. i 2025. Parken vart skipa i 2017 som eit bottom-up-initiativ, bore fram av lokale krefter og stifta utan statleg medfinansiering. Likevel har Sognefjorden Kystpark klart å gjennomføre fleire prosjekt som t.d. «Alle mann til pumpene» som kombinerer landskapskjøtsel, tradisjonell villsaudrift, formidling av kystkultur og skaping av møteplassar. For dette prosjektet er parken nominert til Europarådets landskapspris (jfr. Den europeiske landskapskonvensjonen).

Parken er organisert som medlemsbasert lag og har i dag tilsett ein dagleg leiar i ei 20%-stilling. Det langsiktige målet er å ha ei parkforvaltning med minst tre fast tilsette:

- Dagleg leiar (drift, økonomi, personale, plan- og nettverksarbeid, prosjektutvikling, fundraising osv.)
- Parkformidlar: formidling og tilrettelegging av natur- og kulturarven (formidlingstilbod for ulike målgrupper, guide-utdanning, skilting, infrastruktur, forskingsprosjekt osv.)
- Samfunnsutviklar: berekraftig samfunns- og næringsutvikling (partnarskapsnettverk, merkevarebygging, produktutvikling, prosjekt innan kjøtsel, landbruk, havbruk osv.)

Erfaringane frå andre parkar i både Noreg og utlandet viser at ein stab på 3 personar er eit minimumskrav for å oppnå dei ønska parkeffektane og –målsettingane. Spesielt krevjande er det for UNESCO Globale Geoparkar som av UNESCO er pålagt ei revalidering kvart fjerde år der dei må vise at dei imøtekjem UNESCO sine krav. Målet på lang sikt er å oppnå ei årleg inntekt av 3,6 mill. Desse midlane vil utløyse prosjektmidlar slik at parken kan tilsette fleire prosjekttilknytt medarbeidarar. I tillegg til dette er det sjølvstøtt eit overordna mål at parken skal medverke til «brei verdiskaping» både for kokalsamfunn og næringspartnerar i regionen.

### *Finansiering:*

Per i dag finansierer Sognefjorden Kystpark seg gjennom medlemskontingent og bidrag via Norske Parkar (statleg støtte via klima- og miljødepartementet). For den nye kombinerte parken tenkjer ein seg at drifta i hovudsak verte sikra gjennom statleg, fylkeskommunal og kommunal støtte:

|  | 2021             | 2022             | 2023             |  | Ca. 2025 (med UNESCO-godkjenning) |
|--|------------------|------------------|------------------|--|-----------------------------------|
| 4 kommunar                               | 560 000          | 800 000          | 1 000 000        |  | 1 000 000                         |
| Vestland fylke                           | 500 000          | 500 000          | 500 000          |  | 500 000                           |
| Statleg støtte via Norske Parkar         | 300 000          | 500 000          | 500 000          |  | 500 000                           |
| Statleg støtte som UNESCO Geopark        |                  |                  |                  |  | 1 000 000                         |
| Medlemsavgift og sponsorinntekter        | 50 000           | 100 000          | 200 000          |  | 250 000                           |
| Salsinntekter (guiding)                  |                  |                  |                  |  | 100 000                           |
| <b>Totalt</b>                            | <b>1 410 000</b> | <b>1 900 000</b> | <b>2 200 000</b> |  | <b>3 350 000</b>                  |
|  |                  |                  |                  |  |                                   |
| Prosjektmidlar (Hovudprosjekt 2021 – 23) | 400 000          | 800 000          | 1 000 000        |  | 250 000                           |
| <b>Totalt med prosjekt</b>               | <b>1 810 000</b> | <b>2 700 000</b> | <b>3 200 000</b> |  | <b>3 600 000</b>                  |

# NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

[www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)

Kontaktperson: Erling Opheim, tlf 95 17 25 95 | [erling@naroyfjorden.no](mailto:erling@naroyfjorden.no)

Kommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal samt Sogn og Fjordane fylkeskommune etablerte stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark den 28. januar 2008.

Verdsarvparken inkluderer ei breitt samansett gruppe av samarbeidspartar/ aktørar i Vestland fylkeskommune (*tidl. Sogn og Fjordane og Hordaland*) som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking og bruk av verdsarven.

Pr. 1. januar 2020 har vel **73 samarbeidspartar** slutta seg til Verdsarvparken gjennom ei forpliktande partnerskapsavtale. Stiftinga vert leia av eit styre samansett av i alt 9 personar kor 5 av desse vert peika ut av stiftarane medan dei andre 4 vert peika ut av parkmøtet<sup>1</sup>.

Verdsarvparken, både som organisasjon og samarbeidsform, har som sitt fremste føremål og oppdrag:

- *Å vere pådrivar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet.*
- *Ivareta og verne om verdsarvverdiane gjennom utvikling og bruk.*
- *Å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.*
- *Å skape møteplassar og utvikle partnerskap/ fellesskap mellom eit vekslende mangfald av aktørar og initiativ som fremjar parken sitt føremål.*
- *Å arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.*

Verdsarvparken sitt styringsdokument – [Parkplanen](#) - er ein langsiktig strategi- og handlingsplan som omtalar verdiplattform/ visjon, utfordringar, målsetjingar samt peikar ut overordna tiltak og satsingar. Parkplanen peikar ut fylgjande sentrale satsingsområde:

- **SKAPE** – næring og kultur.
- **TA VARE PÅ** – naturarv og miljø.
- **TA VARE PÅ** – kulturarv.

Den årlege handlingsplanen godkjent av styret konkretiserer tiltak og innsats i tråd med dei langsiktige satsingane og målsetjingane.

I samsvar med dette yter t.d. Verdsarvparken arbeidsinnsats, økonomi og kompetanse til utgreiing, planlegging, framhjelp/ støtte og gjennomføring av fleire prosjekt/tiltak, aktivitetar og arrangement knytt til ivaretaking og bruk av kulturminne/ bygningsmiljø (*ma. Søknads- og rapporteringsstøtte/ revisjon Restaureringsplanen for Vestnorsk*) læring og

---

<sup>1</sup> Parkmøtet er det årlege allmøtet i stiftinga og består av stiftarane og partnerane. Partnerar er regional forvaltning (stat, fylke, kommunar), organisasjonar og bedrifter, privatpersonar som har inngått partnerskapsavtale godkjend av styret.



vertskapsutvikling (*Involvering/ samarbeid med skular og barnehagar*), formidling (*Nasjonalt basisutstilling verdsarv, Styvi gardsmuseum, verdsarvhus, møteplassar, nettside og sos.media*), forvaltning (*Nytt regelverk for verdsarvfjordane, besøksstrategi verneområda, masterplan for reiselivet*) tilrettelegging og skjøtsel mv. (*Samarbeid og avklaring med grunneigarar, oppsett av infotavler, ferdselsteljing, kartlegging/kvalitetssikring/skilting av turveggar og stiar*), framhjelp og profilering av ulike arrangement – både i regi av parkorganisasjonen og parkpartnarane (*td. Stalheimskleiva Opp, Rimstigen Opp, Kongevegmarsjen, Kulturminnedagen, verdsarvturar og geologiturar*) og styrking av felles identitet (*Parkmøte, dialogmøter og implementering av Parkprofil/ ny merkevareprofil for verdsarvområda*).

Stiftinga har pr. d.d. 5 tilsette:

- Erling Oppheim : dagleg leiar og verdsarvkoordinator Nærøyfjorden.
- Gry B. Mørk : parkforvaltar kulturminne og formidling.
- Bengt Erlend Skjerdal : prosjektleiar "Vandring og verdiskaping".
- Snædis L. Bjarnadottir : prosjektmedarbeidar "Nye Aurlandsdalen" og besøksforvaltning.
- Gro Nesse-Bremer : prosjektleiar «Nynorske litteraturdagar» og formidling/kommunikasjon.

*Finansiering:*

Aktiviteten er i all hovudsak finansiert med årlege verdsarvmidlar/ prosjektmidlar/ grunnfinansiering frå ei rekkje kjelder som m.a. Miljødirektoratet, verdsarvkommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal, Sogn og Fjordane/ Vestland fylkeskommunar, Riksantikvaren, Kulturrådet og Kulturminnefondet. I tillegg vert det og søkt om tilskotsmidlar frå relevante bank – og forsikringsstiftingar om delfinansiering av delprosjekt.

|  | 2021             | 2022             | 2023              |
|--|------------------|------------------|-------------------|
| 4 verdsarvkommunar, grunnfinans.           | 750 000          | 750 000          | 1 000 000         |
| Vestland fylke, grunnfinans. verdsarv      | 250 000          | 250 000          | 500 000           |
| <b>Vestland fylke, regionalparkfinans.</b> | <b>500 000</b>   | <b>500 000</b>   | <b>500 000</b>    |
| Statleg støtte via Norske Parkar           | 300 000          | 500 000          | 500 000           |
| Verdsarvmidlar, Miljødir.                  | 1 000 000        | 1 000 000        | 1 000 000         |
| Verdsarvmidlar, RA                         | 800 000          | 800 000          | 800 000           |
| <b>Totalt</b>                              | <b>3 600 000</b> | <b>3 800 000</b> | <b>4 300 000</b>  |
| Prosjektmidlar                             | 3 000 000        | 3 000 000        | 3 500 000         |
| Eigeninnsats partnarar                     | 2 000 000        | 2 000 000        | 2 500 000         |
| <b>Totalt med prosjektm/ eigeninns.</b>    | <b>8 600 000</b> | <b>8 600 000</b> | <b>10 300 000</b> |